

ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1988

Jæren museumsråd

Jæren Museumsråd hadde årsmøte 22. mars i Bystyresalen i Sandnes.

Ordførar Roald Bergsaker helsa Rådet på vegne av Sandnes kommune.

Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av eigarkommunane og fylkeskommunen møtte 22 inkludert 4 vararepresentantar.

I tillegg blei det vald 4 rådsmedlemmer mellom utsendingane frå organisasjonar og verksemder og 3 representantar frå dei personlege medlemmene.

Det møtte 17 representantar frå lag og verksemder og 4 personlege medlemmer.

Elles møtte fylkeskonservator Egil H. Grude, kulturkonsulent Kåre Særheim, 4 innbedne gjester, avgåande styremedlemmer, valnemnda og museet sitt personale - i alt 59 deltakarar.

Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1987, arbeidsprogram for 1988, kontingent og budsjettforslag for 1989.

Møtet valde formann, nestformann, rådsordførar, varaordførar og valnemnd.

Dei personlege medlemmene og utsendingane frå organisasjonar og verksemder valde ein styrerepresentant med varamedlem.

Målfrid Snørteland orienterte om museumsområdet på Kvia og planane framover, og viste lysbilde frå samlingane.

Fylkeskonservator Egil H. Grude fortalde om utviklinga av museumsstellet på Jæren .

Johan Vestvik, Randaberg, har vore Rådet sin ordførar. Lisabet Risa, Hå, har vore Rådet sin varaordførar.

Valnemnd:

Sveinung Lode, Kari Bryne og Egil Larsen.

STYRET

Styret har vore samansett slik:

Nils Njå, Time, formann

Tobias Skretting, Hå, nestformann

Roald G. Bergsaker, Sandnes

Håvard Erga, Rogaland fylkeskommune

Ragnhild Ormøy, Sola

Torbjørn Tønnesen, Gjesdal

Johan Vestvik, Randaberg

Hans Voll, Klepp

Ola Aasland, Time, vald av friviljuge medlemmer

Varamedlemmer:

Helge Lande, Time

Sverre Kvadsheim, Hå

Odd Fladen, Sandnes

Hein Seldal, Rogaland fylkeskommune


Kari Tengesdal Vold, Sola

Ola Søyland, Gjesdal

Egil Larsen, Randaberg

Solfrid Guddal Søyland, Klepp

Ole Gunnar Kverneland, frivillige medlemmer



*Kvía i 1930-ára. Heimehuset og fjøset i framgrunnen. Del av lóa í bakgrunnen til hægri.
* Jærmuseet.*

Styret har i meldingsåret hatt 6 møte og hand-sama i alt 34 saker.

Dei viktigaste sakene har vore økonomi og saker i tilknytning til museumsområdet på Kvía og plan-leggning av nybygg.

Formannen, nestformannen og styraren har ut-gjort eit eige arbeidsutval.

Nemnder oppnemnde av styret:

Prosjektnemnd for årbok:

Tobias Skretting, Arvid Bø, Lisabet Risa og Målfrid Snørteland.

Som museet sine representantar i "*Samarbeids-gruppa 4H - Jærmuseet*" har styret oppnemnd Sveinung Lode, Torbjørg Sægrov, Nils Njå (vara). Målfrid Snørteland er sekretær for gruppa.

PERSONALET

Jærmuseet har i 1988 hatt desse tilsette:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 fast stilling.

Sverre Skjæveland, handverkar, 1/1 fast stilling

Målfrid Grimstvedt, konservator, engasjement, 4/5 stilling.

Ekstrahjelp:
Anne Kari Skår, mag. art. juni-august.
Torleiv Håland, mekanikar, engasjert på timebasis.

MUSEUMSOMRÅDET

Museumsområdet, 55 mål på garden Kvia i Nærbø, er enno ikkje innløyst.

Kultur- og vitskapsdepartementet gav endeleg løyve til oreigning av området i oktober 1988. Skjønnsforhandlingsprosessen er sett i gong, men det er uvisst kor lang tid dette kan ta.

Dei usikre tilhøva kring museumsområdet har sjølvsagt skapt store vanskar for museet si planlegging av bruk og utnytting av området.

Styret har likevel vore overtydd om at oreigningssaka ville få eit positivt utfall, og har arbeidd ut frå det.

Museums- og 4H-garden.

Det mest konkrete arbeidet har vore knytta til finansieringa og planlegginga av Kvia-garden.

Gjenreising av driftsbygningen var kalkulert til ca. 950.000 kroner. Det er til no løyvd kr. 885.000 til prosjektet. Medrekna noko dugnadsinnsats skulle oppføringa vera sikra.

Byggmeister Trond Nærland, Nærbø, er engasjert som handverkar, og ein reknar med at ein del førebuarande arbeid kan gjerast våren 1989.

Styret vil takka fylgjande organ, verksemder og organisasjonar for løyvingar til Kvia:

Norsk Kulturråd	kr. 300.000
Rogaland fylkeskommune	kr. 150.000
Landbrukets utbyggingsfond	kr. 200.000
Rogalandsmeieriet	kr. 100.000

Agro Fellesslakteri	kr. 60.000
Felleskjøpet	kr. 50.000
Norske 4H	kr. 25.000
Time Sparebank	kr. 1.000

Planlegging av nybygg.

Museet tenkte seg opphavleg eit bygg med omlag 2000 m2 nettoareal realisert innanfor ei kostnadsramme på ca. 20 mill.

Etter sterke nedskjeringar på kommunale og fylkeskommunale budsjett, signaliserte medlemskommunane at dei i fyrste omgang ikkje kunne akseptera desse kostnadsrammene. Men museet fekk signal om at kommunane kunne godta ei stegvis utbygging der kommunane sin del av fyrste byggetrinn blei avgrensa til ca. 4 mill.

Etter dette revurderte museet det opphavlege romprogrammet. Styret kom fram til at dersom museet måtte godta ei stegvis utbygging, burde magasin og kontor prioriterast i fyrste byggetrinn.

Opphavleg romprogram:

Utstillingsareal	900	m2
Magasin	700	"
Lager og verkstad	200	"
Kontor, undervising, møterom	250	"
Bibliotek, arkiv	50	"
Personalrom, kjøkken, matrom	50	"
Nettoareal	2150	m2

Romprogrammet bygde på den føresetnad at museet måtte basera seg på å leiga lagerlokale i tillegg til magasinplassen i nybygget. Magasinet i nybygget

var i hovudsak tenkt som eit studiemagasin for restaurerte gjenstandar.

Revidert forslag - stegvis utbygging:

Forslag til prioriteringar i 1. byggesteg.

I fyrste byggesteg må museet velja om ein skal leggja hovudvekta på magasinutbygging, utstillingsareal, verkstad eller kontor/administrasjon og undervising. Eller om det er muleg å kombinera nokre av desse funksjonane.

Styret har av fleire grunnar gått inn for at hovudvekta blir lagt på magasindelen.

- Museet har i dag store og verdfulle samlingar som er spreidde på fleire og til dels dårlege lager. Det har synt seg at det er vanskeleg å få leiga større lokale til ein (for museet) overkommeleg pris, og det er vanskeleg å få langsiktige leigeavtar. Eit museum på stadig flyttetot gir ei lita rasjonell museumsdrift.

- Ei utbygging av permanente magasin er samstundes eit middel til å skapa system og oversyn over samlingane. Dette dannar igjen grunnlaget for eit rasjonelt arbeid på lengre sikt - både med tanke på restaurering, utstilling og innsamling.

Samlingane til museet er heller ikkje katalogiserte. Ei fullgod katalogisering krev at ein kan arbeida med gjenstanden i eit magasin kor det er råd å opphalda seg også utanom dei varmaste sommar dagane.

- Eit velordna magasin kan dessutan vera tilgjengeleg for publikum slik at museet faktisk får vist fram samlingane - eller i alle høve delar av dei. For innanfor dei gjevne økonomiske rammene vil me heller ikkje kunna byggja så store magasin som museet har bruk for.

- Ei utbygging av magasindelen er truleg det som vil gi mest volum att for pengane. Særleg om ein kan grava seg ned. Dette tar nå til å bli vanleg - m.a. fordi magasin nedgrovne i bakken eller innsprengde i fjell gir mest stabile klimaforhold.

Det vil dessutan vera ynskjeleg at personalet får sin daglege arbeidsplass på Kvia, noko som krev ein mindre kontorfløy.

Elles må det leggjast vekt på undervisningsrom for skuleklassar.

I tilknytning til magasinane bør det vera ein enkel verkstad for reingjering og restaurering av mindre gjenstandar.

Dette betyr at utstillingsareal og ein skikkeleg verkstad for restaurering og handtering av tyngre gjenstandsmateriale, som t.d. traktorar og tyngre landbruksmaskinar, må utelatast i denne omgangen.


Men ein skikkeleg verkstad må vera bygd innan Sverre Skjæveland går av med pensjon - i 1995.

Kva går tapt ved ei stegvis utbygging?

Når museet må gi avkall på utstillingsareal betyr dette ei amputering av den utoverretta eller publikumsretta verksemda ved museet. Det hindrar m.a. museet i å laga skiftande utstillingar og utstillingar av meir permanent karakter som kan belysa spesielle tema knytta til jærsk historie, kultur og samfunnsutvikling. D.v.s. den delen av museumsdrifta som publikum vanlegvis identifiserer eit museum med.

Når museet må gi avkall på utstillingsarealet blir det endå viktigare å komma i gong med andre aktivitetar på museumsområdet, slik som dyrkingsfelt, reiskapsdemonstrasjonar o.s.v.

På grunnlag av desse vurderingane kan eit fyrste byggjesteget ved Jærmuseet skisserast slik:



Formannen i "Jærdagen", Jan Refnes, og styrfeformann i Jærmuseet, Nils Njå, viser fram Jærmuseet sin nyinnkjøpte Bolinder Munktell Typ 1 1939-modell traktor. Dette innkjøpet var muleg takka vera ei gåve på 30.000 kroner frå "Jærdagen".

Foto: Jærmuseet.

Magasin	750	m2
Kontor (20+15+15)	50	"
Resepsjon, mat	40	"
Undervising	60	"
Verkstad (reingjer.)	50	"
Tekniske rom,toalett	50	"
	1000	m2

I løpet av 1989 tar museet sikte på å få utarbeidd byggeteikningar som gir tilstrekkeleg grunnlag for ein søknad til Norsk Kulturråd og andre mulege finansieringskjelder.

Medlemskommunane og SR-bank har tilsaman løyvd kr. 180.000 til dette planleggingsarbeidet.

TILVEKST, SAMLINGAR, MAGASIN

Også i 1988 har det komme inn mange verdfulle gåver til Jærmuseet. På grunn av manglande lagerkapasitet har ikkje museet drive aktiv innsamling. Museet lyt dessutan beklaga at ein har vore nøydd å takka nei til mange tilbud. Men styret er svært glade for at folk viser interesse og tar kontakt med museet, og vil oppmoda dei som har høve til det å oppbevare tinga sjølve enno ei tid.

Styret vil særleg takka Stein Sægrov for ein svært

verdfull veterantraktor - ein Mogul 10-20 1918-modell som er heilt intakt og omlag køyreklar. Me vil og framheva ein Bolinder Munkteff Typ 2 1939-modell som museet fekk kjøpa takka vera ei løyving på kr. 30.000 frå "Jærdagen".

Elles vil styret takka desse personane for gåver til museet:

Odd Bjåland, Marit Worren, Eldbjørg og Kjell Stangeland, Arnstein Kartevoll, Øksnevad jordbruksskule, Jarle Nærland, Reidun Helland Hattaland, Olav Underhaug, E. Jåtun, Torleif Ueland, Bjørg og Torkell Taksdal, Sigurd Jåsund, Rudolf Saxegaard, Svend Stokkeland, Arnold Skretting, Jakob Hidle, Karleif Lerang, Solveig Austbø, Rogaland Landbruksselskap v/Torfinn Nærland, Magnor Moi og Vestly Treskelag v/Audun Undheim.

Utskrift frå tilvekstprotokollen for 1988 fylgjer som vedlegg.

Museet har og hatt ein fin tilvekst av eigne foto. Ein stor del av samlingane våre er fotograferte, sjølv om mykje enno står att. Det har og blitt tatt mange foto og lysbilde som dokumenterer museet sin aktivitet gjennom arbeidsåret.

Etter at museet fekk installert dataanlegg som-maren 1988 er ein god del gjenstandar, katalogar, foto, o.likn. lagde inn på EDB.

Dette er eit svært godt hjelpemiddel til å halda oversyn over materialet og til å finna fram opplysingar om gjenstandar, foto o.s.v.

Berre etter eit års leige laut museet flytta ut av lageret på Frøyland i Time. Dette påførte museet ekstra store tranportkostnader. Situasjonen illustrerer dei problema museet står ovanfor så lenge ein manglar eigne magasin eller langvarige leigeavtaler.

Det lukkast museet å få leiga ei ny løe på Hattaland i Klepp, og etter fleire dagars innsats var tinginga flytta.

Ei takk til Nils Njå, Ola og Stein Sægrov, Jan Seldal, Sverre Skjæveland og Målfrid Snørteland som deltok i flyttedugnad. - Og til Hå kommune som stilte ein arbeidskar til disposisjon den eine dagen.

Ingen av museet sine lagerlokale er særleg eigna til museumsmagasin med tanke på forsvarleg oppbevaring av gjenstandane. Dei er utan brannsikring og er elles altfor fuktige. Nyrestaurerte gjenstandar som me ikkje har funne anna oppbevaring til tar, alt etter kort tid, tydeleg skade av opphaldet.

RESTAURERINGSARBEIDET

Dette året har handverkaren i hovudsak arbeid med å restaurera Moline mod. B. frå 1917. - Den traktoren som museet kjøpte i England i 1987.

Restaureringsprosessen er dokumentert ved foto. Elles har NRK -lokalfjernsynet fylgd restaureringa, og vil vonaleg senda eit program om Sverre Skjæveland og Moline-traktoren våren 1989.

Jærmuseet vil takka Kverneland A/S og Serigstad A/S for store gratisytingar i samband med restaureringsarbeidet.

Museet vil og nytta høvet til å takka Harald Aanestad, Leif Jan Høyland, Tor Ragnar Bakke og Ingebret Særheim for utførte tenestar under restaureringa av Moline-traktoren, og Br. Bauer-Nielsen i Haugesund som gratis bygde om smørjeapparatet.

Vidare har Arkeologisk Museum i Stavanger restaurert ein Kvernlands slepeplog frå 1930-åra for oss.

Torleif Håland er og snart ferdig med ein Mogul 10-20 1918- modell. På grunn av vanskelege verk-

stadtilhøve stoppa dette arbeidet mellombels opp.

Begge desse siste prosjekta er finansierte ved ekstramidlar frå Norsk Kulturråd.

UTOVERRETТА VERKSEMD

Utstillingar.

Også dette året har Jærmuseet lagt vekt på å markera seg med enkle utstillingar rundt om i regionen.

Våren 1988 fekk museet tilbud om å laga ei utstilling på Hanasenteret i Sandnes - midt i eit kjøpsenter med div. butikkar. Me tok utgangspunkt i smia til Torkel Raugstad og viste nokre døme på den lokale reiskapsproduksjonen. M.a. blei den nyrestaurerte slepepløgen frå Kverneland vist fram.

Utstillinga stod fram til slutten av november og blei positivt motteken av både publikum og leiinga for Hanasenteret.

I samband med "Sundagstur til fortida" i Randaberg 28.august hadde Jærmuseet tatt ut Deering-traktoren til Vistnestunet. Ved sida av hadde me ein liten stand med informasjonsmateriale om Jærmuseet. Som kjent deltok nærare 6000 på dette arrangementet.

På haustmarken på Forus 21.-22. oktober hadde museet ei lita utstilling om potetdyrking. Til denne fekk ein låna ein Champion potetopptakar og ein Champion potetsetjar frå fyrstinga på 1900- talet av Hå bygdemuseum.

Jærmuseet var og med å laga ei utstilling om kulturlandskapet i samarbeid med Rogaland Bondelag, Rogaland Bondekvinnelag, Fylkeslandbrukskontoret og miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen.

Annan utoverretta verksemd.

Sundag 21. august var Jærmuseet v/Sverre Skjæveland og Målfrid Snørteland invitert til veterantraktorstemne på Hadeland Folkemuseum. Ein viste lysbilde frå Jærmuseet sine samlingar og Sverre Skjæveland fortalde spesielt om restaurering av Massey Harris-traktoren.

Som lekk i informasjonsarbeidet blei brosjyra vår og årsmeldinga for 1987 delt ut til alle kulturstyre- og kommunestyrerepresentantane i eigarkommunane og fylkeskulturstyret.

Me hadde og gleda av å orientera fylkeskulturstyret nærare om planane våre på ei synfaring på Kvia 28. september.

Elles har formannen Nils Njå kåsert om Jærmuseet i Time Bondekvinnelag og Målfrid Snørteland fortalde om Jærmuseet på eit møte i Gjesdal Bondekvinnelag og årsmøtet til Jæren Husflidslag.

Målfrid Grimstvedt har vore i Sandnes Historie- og ættesogelag og kåsert om strikketradisjonar i Rogaland og orientert om Jærmuseet.

Jærmuseet tok og initiativ til eit møte om dokumentasjon om ullvareindustrien i Oltedal i Oltedal 9. februar.

Oppslutninga frå bygdefolket var god. Sjølv om me ikkje fekk til noka lokal historiegruppe, så var det stor interesse for at innsamlingsarbeidet burde komma i gong. Og me fekk ein god del informasjon om små lokale verksemdar.

28. november inviterte museet til eit museumsmøte for Jæren i bystyresalen i Sandnes.

Det møtte i alt 39 personar frå lokale museum- og kulturkontor.

Det var interesse for eit nærare samarbeid mellom musea - størst interesse var det kanskje for spørsmålet om ein felles regional database over gjenstandar og regionale vandreutstillingar.

Jærmuseet arbeider vidare med spørsmålet om ein felles database, men har førebels ikkje kapasitet til å fylgja opp tanken om vandreutstillingar.

DOKUMENTASJON

I eigen regi har Jærmuseet dette året tatt opp to videofilmar.

Den eine dokumenterer våtluting av halm på Jæren, og blei tatt opp i samband med at lutingsanlegget på Refsnes blei lagt ned i mai 1988. Dette var det siste av dei tre våtlutingsanlegga (Klepp, Nærbø og Varhaug) som var i drift.

Opptaka blei utførde av Dalane TV i Egersund.

I sommar fekk me dessutan melding om at ein gammal treskofabrikk eller "trebånnskjereri" i Oltedal skulle rivast på grunn av vegutviding. Alt maskineri var intakt - det var berre å starta opp. Ved hjelp av Arnfred Madland blei arbeidsprossen dokumentert.

Anne Kari Skår hadde hand om opplegg og regi, medan Arkeologisk Museum i Stavanger stod for den tekniske produksjonen.

ARBEIDET I KOMMUNANE

Sandnes:

På oppdrag frå Sandnesmuseet har Jærmuseet gjennomført ein grundig dokumentasjon av Krossens Havremølle. Arbeidet inneber både intervju, kartlegging av arkivmateriale, oppmåling av bygningene, lagging av dreiebok til videofilm og skrivning og

innlesing av kommentarar. Det er og laga ein rapport om havremølla.

På Sandnes har ein vidare begynt på ein tilsvarande dokumentasjon av Stangeland Trevare. Og det er laga ferdig framlegg til museumsplan for kommunen.

Gjesdal:

Jærmuseet hadde ansvaret for katalogiseringa av samtlege gjenstandar i Gjesdal Ljåfabrikk. Elles blei det utført ein god del arbeid i samband med klargjering av maskinar og interiør til opninga 30. september.

Klepp:

På oppdrag frå Klepp Bygdemuseum hadde Jærmuseet ansvaret for å laga utstillinga "Kvinnekår i farne år" som blei opna i det gamle skulehuset på Hauabakka 17. mai.

Hå:

For kulturkontoret i Hå er det laga to undervisningsopplegg med lysbildeserie, eit for barneskulen og eit for ungdomsskulen, som skal brukast i samband med skulebesøk på Grødalandstunet.

Sola:

Jærmuseet er engasjert av kulturkontoret i samband med innsamlinga og registreringa av gamle foto. Fyrste innsamlingsaksjon vart halden i Tananger i november.

Randaberg:

Jærmuseet har det faglege ansvaret for planlegginga av sjøbruksavdelinga på Tunge.

Andre oppdrag:


I samband med Ryfylkemuseet sin dokumentasjon



av modell snekkarverkstaden på Stavanger Stål fekk Jærmuseet i oppdrag å utarbeida dreiebok for videofilminga.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Budsjettet innanfor tilskotsordninga var i 1988 på 609.000,- kroner. Utanfor tilskotsordninga hadde museet eit driftsbudsjett på ca. 545.000,-. I tillegg



Konrad Madland flytta trebånnskjereriet sitt frå Oltesvik til Oltedal i 1918. Trebånnane var hovudproduksjonen, men han laga og andre ting som t.d. leiketøysfigurar og orv til både stuttljå og vanleg ljå. Han viser fram eit sjølvprodusert stutturv.
Foto: Jærmuseet.

Sjablonar til dyrefigurar.
Foto: Jærmuseet.

kjem omframme løyvingar til Kvía-garden på 310.000,- som er overførde til 1989.

I 1987 var det totale driftsbudsjettet på ca. 960.000.

Denne auken i driftsbudsjettet kan tilskrivast både større omframme løyvingar og større eigeninntekter.

Dette inneber samstundes ei utvikling der museet i større grad må basera drifta si på variable inntekter.

Me kan vidare peika på at også i 1988 har Hå kommune bore ein vesentleg del av museet sine kontorutgifter. I tillegg stiller dei kontorlokale gratis til disposisjon.

Elles vil me her og understreka at museet sparer store summar takka vera gratisytningane frå Kverneland A/S og Serigstad A/S i samband med restaureringsarbeidet.



*Sola folkebibliotek starta registrering og avfotografering av gamle fotografi med ein aksjon i Tananger hausten 1988. Jærmuseet er med på arbeidet saman med Statsarkivet og Interkommunalt arkiv i Rogaland.
Foto: Sola Bygdeblad.*

For 1989 har museet fått ein kontingentauke frå medlemskommunane på 50 øre pr. innbyggjar. Denne vil gå med til å dekkja auken i kontorutgiftene, då museet no må bera alle slike kostnader sjølv. Budsjettramma frå fylkeskommunen på kr. 606.875,- for 1989 inneber ein reell nedgang i høve til året før.

Ein eventuell auke i aktivitetsnivået i kommande år, må såleis baserast på omframme løyvingar eller særskilde prosjektmidlar.

Sommaren 1988 fekk museet installert datautstyr. Dette har vore med å letta og rasjonalisera kontorarbeidet. Likevel er det ein god del rutinearbeid som

fell på styraren. - Tid som kunne vore vore frigjort til fagleg arbeid dersom det hadde vore økonomisk grunnlag for å tilsetja kontorhjelpe eller likn.

MEDLEMMER

Medlemstalet har halde seg nokså stabilt sidan skipinga av museet. Det er flest bondelag, bondekvinnelag og bygdeungdomslag som er medlemmer i Jærmuseet. Elles er det nokre bedrifter og nokre få personlege medlemmer.

I samband med at museet skal gi ut årbok i 1989, tar ein sikte på ei meir aktiv medlemsverving.

REPRESENTASJON, SEMINAR, TILLITSVERV

Målfrid Grimstvedt deltok i seminar om teknisk og industrielt kulturminnevern skipa til av Norsk Kulturråd og Fortidsforeningen i Porsgrunn i juni.

Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland deltok på det årlege museumsmøtet for Rogaland skipa til av Fylkeskultursjefen i Egersund 24.- 25. august.

Saman med Nils Njå representerte dei og Jærmuseet på NKKM sitt landsmøte i Honningsvåg/Nordkapp 1.- 5. september.

Målfrid Snørteland deltok elles på seminar om "Bevaring av gamle husdyrrasar" i Oslo 17.- 18. november, og på museumsleiarmøte på Sand 7. desember.

Dei tilsette ved Jærmuseet pluss formannen var alle inviterte til opninga av Gjesdal Ljåfabrikk 30. september.

Målfrid Snørteland har dette året sete i fleire nemnder oppnemnde av fylkeskulturstyret. - Ei gruppe som skulle utgreia spørsmålet om "Aktivering av kulturminne" i Rogaland, og ei gruppe som skal leggja fram forslag til ein museumsplan for fylket.

Ho sit og i ei redaksjonsnemnd for eit museumshefte for Rogaland.

Elles er ho med i styret for Norsk ICOM (den norske avdelinga av den internasjonale museumsorganisasjonen, International Council of Museums) og sit i redaksjonsnemnda for "Museumshandboka".

Målfrid Grimstvedt er medlem av Bunads- og Folkedraktrådet, varamann til styret i VTM (Foreninga Vitskaplege Tenestemenn ved Musea) og redaktør av MIR-nytt (meldingsblad for musea i Rogaland).